



Rigmor Rasmussen og Lovise Herland Sunde har gjort ein stor innsats for ungdomslaget gjennom mange år.

Årsmeldinga til Uskedal Ungdomslag syner god og stabil aktivitet. Hyttestyret legg opp til at renoveringa av lagshytta Fjelly held fram i år. Lovise Herland Sunde går no av som kasserar etter mange års teneste.

Helgheim er målt utvendig. Arealet på baksida av huset er planert og grusa. Her skal koma tredekke. Det er kjøpt inn og montert ny kjellardør og ny kjellardør ved hovudinngangen. Bautasteinen frå 1914 er vaska og namna er friska opp med måling

Helgheim har sine faste brukarar med linedance, korøving og bingo. Det er barnediskotek ein gong i månaden. I tillegg kjem utleige til konfirmasjonar, brudlaup, basar og fødselsdagar.

I fjor vart laget tildelt 60 000 kroner frå Sparebank 1- stiftinga til nye stolar og bord.

Ut frå ei samla vurdering er laget godt nøgd med drifta i fjor. Det er etter den siste utbetalinga av Spelemidlar gjeldfritt og har 178 000 kroner på driftskonto

Fjelly har vore dårleg isolert. To av veggane er utbetra med isolasjon, ny bordkledning og museband. Ny ytterdør må på plass og hytta treng sårt nytt kjøkken. Det vil vera nyttig med tredekke føre inngangsdøra. Nytt kjøkken og tetting for mus vil gjera hytta meir innbydande for gjester. Dette vil igjen føra til auka utleigeinntekter.

Styret vil henta inn tilbod på opprustninga og bed hovudstyret om ei løyving på rundt 20 000 kroner i år og ein tilsvarande sum neste år. Det vert iverksett tiltak for å skaffa inntekter til hytta. Årsmeldinga syner 20 utleigedøger.

Styret rettar ein stor takk til dugnadsgjengen: Tor Ove Haugland, Bjarte Eik og Kjetil Myklebust. Randi Nybakk, Anette Sund og Janne Yri sit i hyttestyret.



Skuleklasse på Fjelly

Tekst: Kristian Bringedal
Foto og nett: Ola Matti Mathisen og hyttestyret.



Lagshytta Fjelly skal rustast opp vidare. Dette biletet vart teke under eit vellukka treff eit tidlegare år.